



Fylkeskommunen har innvendingar mot Beinavikjo-planen

**Fylkeskommunen har no uttala seg om Beinavikjo-planen og rår frå delar av planforslaget ut i frå omsynet til strandsona og friluftsområder.**

Dei har og merknader til andre delar når det gjeld kulturminne, universell utforming og anna og ber om at desse merknadane og atterhalda når det gjeld kulturminne vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Ut frå plankartet går det fram at det kan byggjast like til sjøkanten mot småbåthamna. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig. Strandsona bør vera tilgjengeleg for allmenta og dei rår til at ein etablerer ein to-tre meter brei sone mellom byggeområdet og småbåthamna. Sona bør vera spesialområde friluftsområde.

Med ei slik tett utbyggjing som her er føreslege, finn fylkeskommunen det rimeleg at det vert sett av eit større område for friluftsliv på land, gjerne i samanheng med sjøområda i planen (S1 og S 2). Det føreslege området S4 like ved hovudvegen finn dei lite eigna til føremålet.

Når det gjeld kulturminne, har det vore kjent funn i området tidlegare. Ein buplass frå steinalder har lege i kanten av planområdet og det er opplysningar om eitpar hellekister i ein hage innafor området. Men område der kulturminna har lege er i ein slik forfatning at dei kan avskrivast som tapte kulturminne. I området der buplassen skal ha lege er det delvis hage, to stikkveggar og ein garasje. Desse tiltaka er utført for lenge sidan.

Området der hellekistene (moglege flatmarksgravar) har lege, er i dag hage. Men dei vart øydelagt i samband med dyrkingsarbeid tidleg på 1900-talet..

Fylkeskommunen har ellers ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre vernverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Dei harhar difor ingen avgjerande merknader i saka.

Av Ola Matti Mathisen